



Notat

Dato: 27.03.2015
Arkivsak: 2015/85-15
Saksbehandlar: rolrose

| | |
|-------------|--------------------|
| Til: | Samferdselsutvalet |
| Frå: | Rolf Rosenlund |

Justering av bussruter i Bergen sentrum

På møte i samferdselsutvalet den 18. mars 2015 stilte representanten **Alf Helge Greaker** (V) fylgjande spørsmål:

Bergen bystyre har i sak 43/15 vedteke: «Bystyret ber byrådet ta kontakt med Hordaland fylkeskommune med sikte på å opprette en sentrumsrute som dekker de aktuelle områdene. Denne ruten skal være en del av det ordinære rutetilbudet».

Enkeltrepresentantar i utvalet har tidlegare drøfta omleggingar av sentrumsnære busslinjer, men Skyss har signalisert at ein burde avvente til mellom anna det nye høgskulebygget på Kronstad, nye næringsbygg i Solheimsviken og kryssutbedring på Engen, var ferdige. Det er dei no.

Samferdselsutvalet ber Skyss og fylkesrådmann om å få ein status for vedtaket i Bergen bystyre. Samstundes ber ein på ny å vurdere justeringar av sentrumsnære ruter, som til dømes linje 13 og 11, for mellom anna å kunne gje Engen og Møhlenpris, kollektivdekning igjen.

Det er ikkje lagt strategiar, planar eller budsjett for å etablere ein sentrumsbuss i Bergen, men Skyss stiller seg positiv til ei utgreiing i samarbeid med Bergen kommune.

I utgangspunktet er det svært trongt om plassen og stort press på areala i Bergen sentrum, og bussane har store problem med å kome fram på vegane. Det er eit overordna ønske å få lagt til rette for betre tilhøve for både dei gåande, for samanhengande sykkelveggar i sentrumskjernen, og for meir busstrafikk for lengre reiser.

På Møhlenpris har dei fleste eit godt tilbod innanfor gangavstand, anten til bybanehaldeplassen på Florida, eller til Møhlenpris-stoppet på Puddefjordsbroen, som har eit svært godt tilbod med høg frekvens.

Skyss kjenner til at det er ønske om kollektivtilbod til Nøstet, men området er ikkje godt tilrettelagt for busstrafikk, og det vanskeleg å finne gode busstrasear her. Framkomelegheita er dårleg i dette området, og der er få eigna haldeplassar. Servicelinja gir eit tilbod i området fire dagar i veka.

Det eksisterer ingen planar om traséendring for linje 11 og linje 13. Linje 11 går i dag frå Starefossen via Olav Kyrres gate og Jon Smørsgate til Nordnes. Linje 13 er ei ringbussrute sentrum–Solheimsviken–Puddefjordsbroen–Festplassen. Ei eventuell forlenging av desse linjene vil føre til ein kostnadsauke som må budsjetterast med ein reduksjon av tilbodet i form av for eksempel lågare frekvens.